

BOKN KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag **17. september 2018** blei det halde møte i Bokn kontrollutval under leiing av utvalsleiar Lars Øyvind Alvestad.

| | |
|------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| MØTESTAD: | Boknatun, møterom 1.etasje |
| MØTESTART/-SLUTT: | kl. 17.00 – kl. 18.15 |
| MØTANDE MEDLEMMER: | Utvalsleiar Lars Øyvind Alvestad (Ap), Jørn Hansen (uavh.) og May Jorunn Vatnaland (Sp) |
| FORFALL: | Ingen |
| MØTANDE VARAMEDLEM: | Ingen |
| FRÅ SEKRETARIATET MØTTE: | Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS |
| FRÅ REVISJONEN MØTTE: | Revisor/partnar Else Host-Larsen, Deloitte AS Forvaltn.revisor Kari Gåsemyr, Deloitte Bergen via mobil i sak 18/18 |
| FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE: | Ingen (rådmann og stedfortredar hadde forfall) |
| MERKNADER TIL INNKALLING: | Utvalet kommenterte at dei merka seg sein utlegging av sakskart på kommunen si nettside |
| MERKNADER TIL SAKSLISTE: | Ingen |

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 12/18 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 22.05.18

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 22.05.18 blir godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 17.09.18:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 17.09.18:

Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 22.05.18 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 13/18 REVISOR SIN EIGENERKLÆRING FOR 2018

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval tar den framlagde eigenerklæring for 2018 frå oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen, Deloitte AS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 17.09.18:

Revisor bekrefta igjen at ho hadde ingen bindingar til Bokn kommune. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 17.09.18:

Bokn kontrollutval tar den framlagde eigenerklæring for 2018 frå oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen, Deloitte AS til orientering.

SAK 14/18 BUDSJETT 2019 – KONTROLL OG TILSYN - UTVALET SITT FRAMLEGG

Sekretariatet si innstilling:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Bokn kommune for 2019 vert på i alt **kr 362.000,- eks mva** fordelt på følgjande:

| | | |
|----------------------------------------|----|---------|
| Kontrollutvalet | kr | 58.000 |
| Kjøp av sekretærtjeneste (HKS IKS) | kr | 115.000 |
| Kjøp av revisjonsteneste (Deloitte AS) | kr | 189.000 |

Handsaming i kontrollutvalet 17.09.18:

Utvalssekretæren gjorde greie for oppsettet.

Utvalet meinte at kommunestyret sitt nylege vedtak om kr 400 pr. møte (andre utval) i sak om godtgjersle gjeldande frå neste periode, anten kan tyde at dei ikkje kjenner utvalet sine oppgåver eller ikkje verdsett deira arbeid. Nestleiar ønskte å sørge for at vedtaket blei endra slik at kontrollutvalet kom i same kategori som formannskapet eller kommunestyret, dvs. ei sats med kr 800/1000 pr. møte.

Utvalsleiar meinte at dagens timetal til tinging av forvaltningsrevisjon var heilt på smertegrensa. Han gjorde framlegg at timetalet blei dobla frå 70 timar til 140 timar med at budsjettframlegget blei auka med kr 72.000. Revisor støtta vurderinga, då alle prosjekt har nokså like oppstartskostnader. Utvalssekretær viste til andre kommunar sine rammer og at eit normalprosjekt ligg på ca. 250 timar. Kvitsøy til dømes har sett av kr 288.000 til revisjon i 2018.

Dei andre medlemmane støtta hans framlegg om å auke budsjetttramma.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 17.09.18 og innstilling til kommunestyret:

*Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Bokn kommune for 2019 vert på i alt **kr 434.000,- eks mva** fordelt på følgjande:*

| | | |
|-----------------------------------------------|-----------|----------------|
| <i>Kontrollutvalet</i> | <i>kr</i> | <i>58.000</i> |
| <i>Kjøp av sekretærteneste (HKS IKS)</i> | <i>kr</i> | <i>115.000</i> |
| <i>Kjøp av revisjonsteneste (Deloitte AS)</i> | <i>kr</i> | <i>261.000</i> |

SAK 15/18 VAL AV NYTT PROSJEKT FOR 2019

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet til neste møte.

Handsaming i kontrollutvalet 17.09.18:

Medlemmene kom med framlegg på dei ulike prosjekta som var prioritert i planen. Revisor og utvalssekretær kommenterte innspela. Forvaltningsrevisor Kari Gåsemyr blei ringt opp og deltok under handsaminga via mobil.

Utvalssekretæren leste opp sms frå rådmannen med hans vurdering: «*Dersom vi skal følge opp sakene som kommunestyret tidligere har gjort vedtak om, synes jeg «informasjons-tryggleik» kan være et aktuelt tema, men støtter og de andre prosjektene som er tatt inn prosjektplanen, særlig «skulemiljø/mobbing» og «vedlikehald.»*

Prosjekta i kommunestyret si prioriteringsliste blei drøfta inngående. Da utvalet ønskte fleire av prosjekta, meinte revisor at ei løysing var å be administrasjonen å komme og orientere. Utvalet blei då samd om å be om ei orientering om kommunen sine rutinar og planer om vedlikehald til neste møte. Energiøkonomisering og skriftleg dokumentasjon blei her nemnd som stikkord.

Vidare blei dei samd om å velje prosjektet «Rusomsorg» som har prioritert som nr 2 på lista. Dei ville her også inkludere i prosjektet «tenester innan rus- og psykiatri», då dette er nært knytt saman. Dei ville på bakgrunn av nylege episodar for denne sårbar gruppa vite mellom anna om kommunen klarte å oppfylle krava på eigenhand eller igjennom samarbeid.

Revisoren meinte dei kunne komme med framlegg til problemstillingar og mandat til neste møte.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 17.09.18:

Bokn kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på eit forvaltningsrevisjonsprosjekt om «Rusomsorg- og psykiatritenester i Bokn kommune» til neste møte i november.

Bokn kontrollutval ber rådmannen om å orientere om kommunens sine rutinar og planar for vedlikehald av bygg og anlegg i møtet i november.

SAK 16/18 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 17.09.18

23. Statusrapport pr. september 2018
24. Generalforsamlingsprotokoll 11.06.18 – Haugaland Kraft AS
25. Komm.styrevedtak 19.06.18, sak 22, Kontrollutvalet si årsmelding 2017

26. Komm.styrevedtak 19.06.18, sak 23, Godtgjersle for folkevalde – hausten 2019
27. Komm.styrevedtak 19.06.18, sak 25, selskapsrevisjon- Karmsund Havn IKS – rapport
28. Kommunal Rapport 12.08.18 – Debattinnlegg av NKRF- leder – «Tillit og kontroll»

Handsaming i kontrollutvalet 17.09.18:

Under statusrapport gav revisor ei løypemelding om arbeidet med rapport. Arbeidet ligg ein månad etter oppsett plan, då dei ikkje har hatt noko jobbe med. Det skyldast at det er ikkje sendt inn dokumentar frå kommunen, då dette blei glømt i juni. Forvaltningsrevisor har etterlyst dette i august og venta ennå på dokumenta.

Utvalet var skuffa over dette og ville be rådmannen følgje opp. Utvalet ville ha det inn som vedtak og brev.

Utvalssekretær orienterte om dei andre referatsakene. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 17.09.18:

Referatsakene 23 - 28 blir tatt til orientering.

Bokn kontrollutval forventar at naudsynt dokumentasjon til tinga forvaltningsrevisjonsprosjekt blir sendt til revisor og at rådmannen ordnar opp slik at forvaltningsrevisjonsprosjektet »Sjukefråver i skule og barnehage» blir om mogleg ikkje ennå meir forsinka frå tidlegare tidsplan.

Eventuelt

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte

Neste møte er etter planen sett til onsdag **7. november**, men kan bli flytta pga. mogleg forsinka rapport.

Bokn, 17. september 2018

Lars Øyvind Alvestad
Utvalsleiar (sign.)

Toril Hallsjø
utvalssekretær (sign.)